



Vi nyt bileta og drøymer oss til Nåso.

Dei som har brukt den første maidagen til tur på Ulvanåso, har garantert hatt ein super dag. Med det gode veret vi fekk, var det også mange som nytta dagen til å oppleve det majestetiske fjellet. Truleg var det i alle fall 30 som gjekk opp frå kalkestasjonen. Mellom desse veit vi at det var både lokale, austlendingar, og utanlandske skiløparar.

Bjørn Olav Tveit var ein av dei lokale på tur i Ulvanåso i dag. Han fortel at dei var 16 i følgje, og den store gjengen inneheldt både vaksne og spreke ungar. I tillegg til Børn Olav var Olve og Viljar Simones Tveit, Siren Simones, Bjarte, Halvard, Hermund og Saima K. Døssland, Mathias og Sigurd Børve, Steinar og Pål Ingmar Haugland og 4 gjester frå Oslo med på opplevinga. Dei var heilt til topps, og Bjørn Olav fortel om særst flotte føreforhold. Snøen er fin og tørr. Rett nok vert den litt grovare nederst, men det er fint å gå opp, og dei får ein herleg flyt i kjøringa nedover.

På turen møtte dei godt og vel 10 andre. Dei såg ingen lokale blant dei, men det var både amerikanarar, tyskarar, austlendingar og trønderar. Det er tydeleg at populariteten til Nåso strekkjer seg langt utanfor Kvinnherad sine grenser.

Bjørn Olav er svært imponert av dei spreke ungane og ungdommane dei har med seg. I morgon ventar ein ny sprek tur på deler av gjengen. Då er nemleg planen tur til Gygrastol.





Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Bjørn Olav Tveit.